


Møtereferat

Møtetittel: Samarbeidsmøte Sjustjerna og Helseføretak
Møtenummer: 15/2021
Møteleiar: Mona Ryste
Referent: Sissel Ørstavik Aase


Dato: 27.10.21
Tidspunkt: Kl. 10 00 – 10.45
Stad: Teams

	Namn	Møtt
Representantar	Stian Endresen, PKO	X
	Gro Anette F Voldsund; koordinator Sjustjerna H&O	
	Svein Berg Rusten, leiar for Sjustjerna helse- og omsorg	
	Trond Aglen, leiar for Sjustjerna rådmannsgruppe	
	Rune Sjurgård, rådmann vertskommune	
	Arne Gotteberg, Hareid	
	Bent Ingebrigtsen, Volda	X
	Norunn K. Elde, Ulstein	X
	Asta Sileikiene, Sande	-
	Bjørn Martin Aasen, Herøy	X
	Cecilie Oppedal, Vanylven	
	Marte V. Øie, Ørsta	X
	Randi Revheim, Klinikk Volda	
	Jon Hjorthaug, Klinikk Volda	
	Erlend Bae, Klinikk Volda	
	Rune Heggedal, Klinikk Volda	
	Unni Skare, Fagavdelinga	X
	Hallgrim Myklebust	X
	Marius Kile Brenne, Klinikk Volda	
	Palma Hånes, Klinikk Volda	X
	Mona Ryste, Klinikk Volda	X
	Linda Gramshaug Fonseca, leiar sjukeheimslegar sjustjerna	
	Siri Bekken Brattholm	
	Kirsten Marie Flusund	
	Olav Skjærpe Brattli	
	Sissel Ørstavik Aase, rådgivar Læring- og mestringscenteret, sektreteriatet LSU Volda	X




Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Frist
Velkomen, praktisk info og agenda Oppfølging av referat	Ingen merknad.	Mona Ryste	
Situasjonsbilette/ status Covid-19 i kommunane	<p>Herøy kommune: I oktober 17-18 personar positive, utbrot i eit miljø med eldre knytt til laurdagsbørs, opphav frå utbrot i Sande, samt fått smitte frå Bergen/Sverige og Ulsteinvik. Dei fleste som er smitta er fullvaksinerte, og dermed lite alvorleg sjukdom. Jobbar med å strukturere beredskapen, har funne ei form på dette som fungerer. Kommunen opererer mykje med sjølvtesting, der PCR-testinga går ned basert på nasjonale retningslinjer, same som Ulstein kommune.</p> <p>Vaksinasjon: Noko dårlegare vaksinasjonsdekning i den yngre gruppa.</p> <p>Ulstein kommune: Har hatt eit stort smitteutbrot i oktober 70 – 80 smitta denne mnd, mest gjestearbeidarar, via verftsarbeidarar td. Sande. Desse smittar igjen fullvaksinerte arbeidarar som igjen smittar sine born, td. ei klasse på barneskule og barnehage. Per no 9 stk. i isolasjon og 4 som mulig skal isolerast. Ingen innlagde på sjukehus.</p> <p>Vaksinering: Influensavaksinering i gong (eldre over 65 år på helsestasjonen i kommunen). Som i Herøy har gruppa 25-45 år mindre dekningsgrad (70%), men resten god dekningsgrad mtp covid-vaksinering.</p> <p>Volda kommune: 12 tilfelle i Ørsta og Volda sista månaden, eit så langt denne veka. Hatt to store utbrot</p>	<p>Bjørn Martin Aasen</p> <p>Norunn K. Elde</p> <p>Bent Ingebrigtsen</p>	




Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Frist
	<p>tidlegare, men no er det ei roleg periode. Aukande tendensar til meir luftvegsinfeksjonar både hjå born/vaksne.</p> <p>Vaksinasjon: Vaksinasjonsdekning god, litt lågare tal i aldersgruppa 25-45 år også i Volda kommune, men høgare dekning enn i ytre. Startar opp med vaksinerer for influensa frå komande tysdag. Avsatt 1 dag i mnd i Voldahallen for 2. dose og 3. dose covid-vaksinasjon, for risikopasientar (risikogrubbene, sjukeheim og ned til 65 år), er opne for at ein skal vaksinere 3.dose framover i lengre tid, avhengig av kva som bestemast nasjonalt.</p> <p>Ørsta kommune: Mykje likt som i Volda mtp. felles teststasjon og smittesporing. Nokre få, sporadiske tilfelle i den siste tida. Prøver å legge planar framover, teststasjonen skal leggest ned grunna ressursar, men skal riggast i mindre skala i både Volda og Ørsta. Opprettheld mykje testing (med PCR, der ein også testar for ma. influensa), dette er viktig for å kunne overvåke. I vårt fylke har ein god kapasitet for PCR-testing , kjem til å gå over til PCR-sjølvttest vidare. Ulik testregime på dette dette både i Herøy og Ulstein, der ein brukar meir hurtigtestar basert på nasjonale retningslinjer.</p> <p>Sande kommune: Asta Sileikiene informerer via e-post. Kommunen har hatt større utbrot på Myklebust verft med 111 personar mellom 25. sept til 25. okt. Dette er utfordrande, men har klart å stoppe smitte i lokalmiljøet. Ingen alvorleg sjuke personar, mest folk som er vaksinerte. 8 isolert, 2 i lokalsamfunnet og 6 på verfta. Hurtigtest vert tekne på verfta og PCR</p>	<p>Marte V. Øie</p> <p>Asta Sileikiene (pr. e-post)</p>	




Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Frist
	<p>ved symptom eller positiv hurtigtest.</p> <p>Vedlagt ei utsegn sendt ut til lokalsamfunnet (aviser?) i nærområdet angående situasjonen.</p> <p><u>Hareid kommune:</u> Ikkje tilstades.</p> <p><u>Vanylven kommune:</u> Ikkje tilstades:</p>		
Situasjonsbilete i HF, covid-19	<p>Covid-19 pasientar skal no gå til Ålesund, (berre Molde dersom det er naudsynt). 2 personar innlagt i Ålesund og 4 i Molde.</p> <p>Sjukehuset startar også med influensavaksinering frå neste veke. Startar med sjølvtesting frå 1. november der alle tilsette får dette.</p> <p>Ny fagdirektør Erik Solligård, erstattar Torstein Hole.</p> <p>Stor byggeaktivitet ved sjukehuset i Volda. Støyproblematikk har vore omtala i lokalavis, pasientar får mellom anna tilbod om hørselsvern. I februar/mars 22 forventast romproblematikk. Elles stor pågang på sjukehuset, fulle avdelingar.</p> <p>Infomøte om Mork rehab. og DPS 26/10. Morksenteret stort etterslep på oppussing, ser på samlokalisering DPS (Døgnseksjonen med ambulante tenester (ikkje poliklinikk) Volda/Myrvåg. Saka skal behandlast i styret, mulig før jul.</p>	Palma Hånes	
Fastlege til praksiskonsulent 20%	<p>Stillingsutlysning ute, ledig stilling frå 01.01.22. Ønske om å ha praksiskonsulent på alle sjukehusa i forhold til samhandling mellom kommune og sjukehus. To nye stillingar på 20</p>	Stian Endresen	



Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Frist
	% der ein av desse knytt til Volda sjukehus.		
Møte mellom fastlegar og sjukehuslegar	<p>Har starta opp igjen med felles legemøter for fastlegar , sjukeheimslegar, avtalespesialistar og kommuneoverlegar. Oppmoding om at fleire melder seg på, fleire av kommunane har ikkje nokon påmelde.</p> <p>Volda sjukehus: tysdag 16.november 16.30 – 20.00. Påmelding av omsyn til matsserveringa.</p> <p>Stian Endresen informerer om A-LIS og kommunane kan kontakt med Stian E. dersom ein treng hjelp til dette.</p>	Stian Endresen	
Kliniske fagutval (nivå 3 i helsefellesskapet)	<p>Informerer om 12 kliniske utval der det er behov for representasjon frå fleire legar frå kommunane på Søre Sunnmøre. 4 teamsmøter i året, 2 timar kvar gong.</p> <p>Kommuneoverlegane bes oppmode sine fastlegar om å melde si interesse, og fleire har allereie gjort dette. Marte V. Øie (Ørsta) melder interesse for å sitte i <i>Faglig samarbeidsutval for behandlarsamarbeid</i>, og får støtte frå representantane frå andre kommunar i møtet.</p> <p>Vedtak: Marte V. Øie stiller som representant for kommuneoverlegar på Søre Sunnmøre i samarbeidsutval for behandlarsamarbeid. Stian E. vidareformidlar dette til utvalet/leiar og vidaresender møteinnkalling.</p> <p>Lenke til oversikt over helsefellesskapet: Helsefellesskap Møre og Romsdal - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no)</p>	Stian Endresen	
Fagdag i geriatri	<p>Årleg fagdag, planlagt slutten av januar 2022, men endeleg dato kjem snarleg.</p> <p>Temaet er «Rett vekt til eldre». Ny nasjonal</p>	Stian Endresen	



Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Frist
	veileidar om undervekt kjem frå nyttår frå Helsedir, fykledmannen, person frå St.Olavs, mange lokale krefter. Innspel til arbeidsgruppa (Stian Endresen, Mona Ryste, GroAnette Voldsund, Dagrun Opsal og Bjørn Gunnar Tafjord ved Høgskulen i Volda)		
Andre saker	Ingen saker til eventuelt Neste møte: 24. november Meld aktuelle saker til Mona, Stian eller Gro Anette.		